

Skjøtselsplan

for

Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport nr. 1 - 2001

ISBN 82-91031-52-5 ISSN 0803-1886

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

*Foto framside frå øvst til nedst:
Frå Bødalen. Foto Tom Dybwad
Frå Erdalen. Foto Liv Dervo
Frå Sunndalen. Foto Tom Dybwad*

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 1 - 2001
Forfattar Rådgivar Tom Dybwad		Dato mai 2001
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal		Sidetal 40
Tittel Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark		ISBN 82-91031-52-5 ISSN 0803-1886
Geografisk område Jostedalsbreen nasjonalpark i Stryn kommune, Sogn og Fjordane		Fagområde Naturvern, kulturlandskap
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		
<p><i>Samandrag</i></p> <p>Skjøtselsplanen er ei oppfølging av Kgl. res. av 18.06.1998 om utviding av Jostedalsbreen nasjonalpark i dei 3 dalane. Skjøtselsplanen byggjer på verneforskrifta og forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) saman med innspel frå grunneigarar og andre. Målet med skjøtselsplanen er å ta vare på verdiane i kulturlandskapet og den urørte naturen i området og kome fram til ordningar for å ta vare på dette. Aktuelle verkemiddel er dispensasjonar frå verneforskrifta og økonomiske tilskot. Skjøtselsplanen inneheld ein gjennomgang av sentrale verneverdiar i dalane. Dei 3 dalane vert skildra m.o.t. bruk (tilkomst, beiting, bygningar, friluftsliv og kulturlandskap). Ein del problemstillingar er felles for alle 3 dalane, andre er spesifikke for kvar dal.</p> <p>Aktuelle tiltak vert gjennomgått, det gjeld</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tiltak som vil vere aktuelle for fylkesmannen og SNO å setje i verk: • Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve • Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve og økonomisk tilskot <p>Avslutningsvis er det ein gjennomgang av dei økonomiske verkemidla som er tilgjengelege for å gjennomføre tiltaka.</p>		
<p><i>Abstract</i></p> <p>This report follows up the Royal Decree of June 18th 1998 on enlargement of Jostedalsbreen national park. Its basis is the national park rules and the management plan for the national park (1994). Landowners and others have made essential contributions to the plan. The aim of the plan is to take care of the cultural landscape and the wilderness in the area. Current remedies to achieve this are suggested in the plan along with possible financing.</p>		
Emneord 1. Naturvern 2. Kulturlandskap 3. Landbruk 4. Reiseliv		Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

FORORD

Under handsaminga av utvidinga av Jostedalsbreen nasjonalpark (1996-98, kgl. res. av 18.06.1998) vart det både av grunneigarane og fylkesmannen teke opp at det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen etter at dei endelege grensene i området er fastsette. Miljøverndepartementet slutta seg til at det vart utarbeidd ein skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i foredraget til Kgl. res. 18.06.1998. Skjøtselsplanen skal supplere forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (godkjend 1994).

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at det kan utarbeidast forvaltningsplan som inneheld tiltak for skjøtsel. Framlegget til skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen bygde på den godkjende forvaltningsplanen frå 1994, saman med fråsegner frå lokal høyring om utviding av nasjonalparken i 1996, møte og synfaringar i lag med grunneigarar og Stryn kommune i 1999, og innspel frå Jostedalsbreen nasjonalparksenter. Faktagrunnlaget er m.a. frå naturstihefta frå dei 3 dalane, utgjevne av Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.

Direktoratet for naturforvaltning fekk framlegget til skjøtselsplan til gjennomsyn på førehand.

Framlegget til skjøtselsplanen vart sendt på høyring 3.10.2000, med høyringsfrist 1.12.2000. Det kom 14 fråsegner til planen. Landbruksavdelinga hos fylkesmannen har også gjeve innspel til planen. Det er utarbeidd ei eiga oppsummering av dei innkomne fråsegnene og vidare kommentarar frå fylkesmannen. Svært mange av merknadene er innarbeidde i den endelege planen.

Fylkesmannen tek sikte på at skjøtselsplanen skal ha ei levetid på omlag 10 år.

Skjøtselsplanen er skriven av rådgivar Tom Dybwad.

Skjøtselsplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark er med dette godkjend av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Nils Erling Yndesdal (s)
fylkesmiljøvernsjef
Leikanger mai 2001

INNHALD

1. Samandrag

2. Innleiing

3. Jostedalsbreen nasjonalpark

- 3.1. Verneverdiar og formål
- 3.2. Forvaltningsstyresmakt
- 3.3. Forvaltningsplan
- 3.4. Skjøtselsplan

4. Skildring av området

- 4.1. Bødalen
- 4.2. Erdalen
- 4.3. Sunndalen

5. Mål med skjøtselsplanen

6. Brukarinteresser

- 6.1. Felles problemstillingar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen
- 6.2. Bødalen (med gjennomgang av tiltak)
- 6.3. Erdalen (med gjennomgang av tiltak)
- 6.4. Sunndalen (med gjennomgang av tiltak)

7. Økonomiske verkemiddel

8. Litteratur

9. Vedlegg. Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark

1. SAMANDRAG

Skjøtselsplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark er ei oppfølging av Kgl. res. av 18.06.1998 om utviding av nasjonalparken i dei 3 dalane. Skjøtselsplanen byggjer på verneforskrifta og forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark saman med innspel frå grunneigarar og andre.

Målet med skjøtselsplanen er å ta vare på verdiane i kulturlandskapet og den urørte naturen i området og kome fram til ordningar for å ta vare på dette. Aktuelle verkemiddel er dispensasjonar frå verneforskrifta og økonomiske tilskot.

Skjøtselsplanen inneheld ein gjennomgang av sentrale verneverdiar i dalane. Dei 3 dalane vert skildra m.o.t. bruk (tilkomst, beiting, bygningar, friluftsliv og kulturlandskap). Ein del problemstillingar er felles for alle 3 dalane, andre er spesifikke for kvar dal. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt, og Statens Naturoppsyn (SNO) står for oppsynet.

Aktuelle tiltak vert gjennomgått, det gjeld

- Tiltak som vil vere aktuelle for fylkesmannen og SNO å setje i verk:
- Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve
- Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve og økonomisk tilskot

Avslutningsvis er det ein gjennomgang av dei økonomiske verkemidla som er tilgjengelege for å gjennomføre tiltaka.

2. INNLEIING

Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken ved Kgl.res. i Regjeringa 25.10.1991. Samstundes vart rikspolitiske reglar innført (ved Kgl. res. i Regjeringa) i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i påvente av ei avklaring om kraftutbygging av Stryne- og Loenvassdraga. Stortinget avgjorde i 1993 at dei to vassdraga skulle varig vernast mot kraftutbygging i Verneplan IV for vassdrag. Samstundes bad Stortinget om at det vart trekt varige grenser for Jostedalsbreen nasjonalpark i dette området (Innst. S. nr. 124 (1992-93)).

Etter omfattande lokal og sentral høyring vart Jostedalsbreen nasjonalpark utvida ved kgl. res. i Regjeringa 18.06.1998. Med det vart dei endelege grensene for nasjonalparken i området fastsette. Dei rikspolitiske reglane for Bødalen, Erdalen og Sunndalen vart samstundes oppheva.

3. JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK

3.1. Verneverdiar og formål

I nasjonalparken ligg Jostedalsbreen (areal 487 km²) - den største breen på fastlandet i Europa - som er ein stor platåbre med mange brearmar, og dessutan fleire mindre brear. Brear og smeltevatt har danna ei mengd morenar og andre geologiske, interessante formasjonar i området. Fåbergstølsgrandane er den største aktive breelvsletta i Noreg. Jostedalsbreområdet er særmerkt ved dei store kontrastane, då det over korte avstandar er ei fantastisk spennvidde i naturtypar frå fjordar og frodige u-forma dalar med stølar og tradisjonelt kulturlandskap, til karrig høgfjell og breplatå med

oppstikkande nunatakkar, dei høgste på over 2000 m. Sprudlande bekkar, elvar og fossar i fjellsider og dalar kjenneteiknar området. Stryne- og Loenvassdraga høyrer til dei rikaste og mest varierte i landet. Jostedalsbreen er eit av dei største områda med villmark som er att i Sør-Noreg. Nokre av brearmane er av dei mest vitja turistattraksjonane vi har.

I dei 3 dalane i Stryn, Bødalen, Erdalen og Sunndalen er det eit verdfullt kulturlandskap og store verneverdiar knytte til vassdraga, vegetasjon og (kvartær-)geologi.

I Bødalen er morenelandskapet av nasjonal og internasjonal verdi. Moreneryggane har spesiell form, plantelivet er uvanleg rikt og variert, og vegetasjonen på og mellom moreneryggane viser tydeleg korleis utviklinga skjer når plantene dekkjer land som nyleg er blitt isfritt. Sætrevatnet framfor Bødalsbreen vert i eit geologisk perspektiv raskt fylt att av materiale frå Bødalsbreen og Bødalselva. Flaummarkskogen på breelvsletta er svært frodig, og i Bødalen finst eit rikt og variert planteliv med m.a. varmekjær skog. Flaummarkskog og skogen på elvekanten mellom breen og Huldrefossen har stort artsmangfald. Huldrefossen har oseanisk mikroklima med m.a. oseaniske mosar. Fuglelivet i Bødalsområdet er karakteristisk for Vestlandet. Tunstrukturen på Bødalsetra saman med at sela har tradisjonell utforming gjer at bygningsmiljøet har stor verdi.

I Erdalen er det mange svært interessante kvartærgeologiske avsetningar, m.a. morener og breelvvavsetningar. Mellom setrane ligg 5 breelvsletter (sandurar) der elva stadig grev og skiftar løp. På dei store breelvslettene finn vi eit særeige planteliv, som er instruktivt for korleis tilgroing av breelvsletter skjer, og eit rikt fugleliv. Rasmarkene ved setrene er særprega. Stølsmiljøet på Erdalsetra og nokre av bygningane på Vetledalsetra er av stor kulturhistorisk verdi. Setrevegen til Erdalsetra representerer eit verdfullt kulturminne. Erdalsetra er plukka ut som eit av 50 prioriterte kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane.

Sunndalen er ein trong og vill dal som har eit rikt og frodig planteliv, både varmekjære og brenære plantar. Vegetasjonen har mosaikk-karakter, noko som gjev stort biologisk mangfald, og mange kravfulle planteartar. Mykje kulturhistorie er knytt til Sunndalen der det i uminnelege tider har vore slått, beiting og setring. Før Strynefjellsvegen opna i 1895 var Sunndalen ferdselsveg mellom Aust- og Vestlandet, og stien er delvis lagt i steintrapper, og store vardar er bygt på høgste fjellovergangen. Vegetasjonshistoriske granskingar ved nedre Sognskardsvatn har nyleg vist at Jostedalsbreen var heilt vekksmelta ein periode etter siste istid, og at ny bredanning tok til for omlag 5000 år sidan. Dette gjer at botnsedimenta i nedre Sognskardsvatn og torvavsetningane i områda omkring representerer eit klimahistorisk kjeldemateriale av internasjonal interesse.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter si utstilling inneheld mykje informasjon om verneverdiar og (kultur-)historia i Bødalen, Erdalen og Sunndalen.

Formålet med nasjonalparken er (verneforskrifta pkt. III)

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

3.2. Forvaltningstyresmakt

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken, og står for planlegging (forvaltnings- og skjøtelsesplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta.

Statens naturoppsyn (SNO) Jostedalsbreen (adresse: 6799 Oppstryn) er ansvarleg for oppsyn, informasjon og skjøtsel i nasjonalparken.

Det rådgjevande utvalet der alle dei sju kommunane (Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen, Stryn) med areal i nasjonalparken er med, gjev råd om forvaltninga av nasjonalparken på bakgrunn av årsmelding og handsaminga av aktuelle saker.

Budsjett

Fylkesmannen sitt budsjett til tilskot i nasjonalparken var i 2000 på kr. 50 000,-. SNO hadde det same beløpet til rådvelde i nasjonalparken i 2000. Nasjonalparkområde vil ofte vere prioriterte til tilskot frå friluftslivmidlar og STILK-midlar dersom det gjeld gode prosjekt, utan at det med det ligg nokon automatikk i å få tilskot.

3.3. Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken juni 1994 etter ei omfattande høyringsrunde, med innspel frå både grunneigarar, lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Planen omfattar også områda som vart regulert ved innføring av rikspolitiske reglar.

Hovudgrepet i forvaltningsplanen er å innføre ei soneinndeling av nasjonalparken. Det vert nytta 4 sonekategoriar:

- spesiell vernesone
- sone utan tilrettelegging og inngrep
- brukssone
- sone med spesiell tilrettelegging og inngrep.

Grovt sett ligg dei lågareliggjande delane av Bødalen, Erdalen og Sunndalen stort sett i brukssone, medan fjellsidene og dei høgareliggjande delane ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Retningslinjene for kulturminne og kulturlandskap i forvaltningsplanen er å *"hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering."*

Av forvaltningsplanen går det fram at fylkesmannen ser positivt på grunneigartiltak som tek vare på det gamle kulturlandskapet. Det kan vere eit problem at moderne landbruksdrift ofte ikkje medverkar til å oppretthalde dette landskapet, men er til skade for det. Dette er tilfelle når moderne landbruksdrift inneber driftsformer som medfører store og irreversible inngrep i naturen (t.d. vegbygging); inngrep som ikkje høyrer heime i ein nasjonalpark. Ut frå hovudformålet for nasjonalparken, som er å ta vare på urørt natur, er attgroing og naturtilstand å føretrekkje i nasjonalparken, dersom vegbygging og andre store inngrep vert ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet.

Å restaurere gamalt kulturlandskap som er teke tilbake av naturen er oftast svært arbeidskrevjande og kostbart. Restaurering vil difor sjeldan vere aktuelt. Det beste vil då vere å la naturen gå sin gang.

3.4. Skjøtselsplan

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det at det kan utarbeidast forvaltningsplan som inneheld tiltak for skjøtsel (verneforskrifta pkt. V). Under handsaminga av utvidinga av nasjonalparken (1996-98) vart det både av grunneigarane og fylkesmannen teke opp at det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen når dei endelege grensene i området er fastsett. Miljøverndepartementet og Regjeringa slutta seg til dette ved utvidinga av nasjonalparken

i 1998. Det vart også m.a. framheva at tradisjonelt jordbruk som er i tråd med verneformålet, kan halde fram. Dette gjeld m.a. beite, plukkhogst til hytter/sel i nasjonalparken og skjøtsel av stølsområda.

Denne skjøtelsesplanen for Bødalen, Erdalen og Sunndalen byggjer på forvaltningsplanen for nasjonalparken. Planen er utforma vidare gjennom m.a. dei innspela grunneigarane kom med under førebuinga av vern som nasjonalpark i områda, og gjennom medverknad i 1999 på møte og synfaringar i samband med utarbeidinga av planen der også Stryn kommune deltok.

Dei 3 hefta om natur- og kulturstiar i Bødalen, Erdalen og Sunndalen, som Jostedalsbreen Nasjonalparksenter har gjeve ut, utgjer ein del av grunnlaget for skildringa av dalane i denne skjøtelsesplanen.

Soneinndelinga i forvaltningsplanen frå 1994 for dei 3 strynedalane (sjå baksida på skjøtelsesplanen) viser at

- i Bødalen er dei lågareliggjande delane i brukssone, medan dei høgareliggjande delane er i sone utan tilrettelegging og inngrep
- i Erdalen gjeld det same, med unntak av dei 5 breelvslettene (i dalbotnen) som ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep fordi det er viktig at dei utviklar seg naturleg pga dei store kvartærgeologiske verneverdiane.
- i Sunndalen er til liks med Bødalen dei lågareliggjande delane saman med området kring stien over Kamperhamrane i brukssone, medan dei høgareliggjande delane og områda sør for nedre Sognskardsvatnet ligg i sone utan tilrettelegging og inngrep.

Kulturlandskapet ligg såleis i brukssone. Det er først og fremst i brukssone det er aktuelt å gje løyve og evt. tilskot til tiltak.

Høyringa hausten 2000 av framlegget til skjøtelsesplan har også gjeve mange gode innspel til den endelege utgåva av planen.

4. SKILDRING AV OMRÅDET

4.1. Bødalen

Bødalen er ein hengjande sidedal til Lodalen. Dalen stig jamt opp frå Lovatnet med bratte dalsider "rett ned i" Bødalselva. Ved Huldrefossen ca. 4 km oppe i dalføret flatar landskapet ut med ein brei og relativt flat dalbotn. Frå Sætrevatnet inst i dalen stig Bødalen brattare opp mot Jostedalsbreen.

Grensa for nasjonalparken går like innafor parkeringsplassen ved enden av den private bomvegen opp Bødalen.

Tilkomst

Det går ein privat bil- og bomveg mest inn til grensa for nasjonalparken Dei første 4 km vart påbegynt i 1910, og den siste delen på 1 km var ferdig i 1989. Her er det parkeringsplass for nærare 100 bilar. Frå parkeringsplassen er det god sti inn til Bødalsetra. Stien inn til Bødalsetra vert også nytta som traktorveg av grunneigarane når det er naudsynt.

I 1994 vart traktorvegen/stien frå parkeringsplassen inn mot Bødalsetra grusa på dei våtaste partia. Hausten 1994 vart det gjort noko graving i Bødalselva (løyve) for å hindre utgraving av stien inn til Bødalsetra. Forvaltningsstyresmakta gav løyve til desse tiltaka.

Trafikken til Bødalen har truleg gått noko ned dei seinare åra. Det var i 1999 ca. 1500 betalende bilar (truleg også mange som ikkje betalte). Bompengane på Bødalsvegen har vore oppe i kr. 50 000,-/år, dei seinare åra kring kr. 40 000,-/år. Ein del menneske går Bødalsvegen i staden for å bruke bil fram til P-plassen.

Talet på turistar på DNT-hytta på Bødalsetra har vore omlag 300 overnattingar i året (1999). På teltplassen var talet på overnattingar omlag 1300 persondøgn.

Informasjon

Det er informasjon om nasjonalparken og anna i Lodalen på den store informasjonstavla der den private bomvegen inn Bødalen tek av frå bilvegen i Lodalen. Informasjonsskilt om farane ved å gå for nær breen og om steinsprang er sett opp ved stien inn til Bødalsbreen 100-200 meter frå breen.

Bødalsetra

Det mest særmerkte med Bødalsetra er tunstrukturen. Bygningane er fordelt på ei selrekkje og ein fjøsrekkje, eit såkalla rekkjetun som er ein uvanleg seterstruktur i Nordfjord. Selrekka består av i alt 9 sel. Eit av sela vert leigd av Den Norske Turistforening (DNT) og er i bruk som ubetjent hytte. Tidlegare var det mykje telting kring DNT-hytta, men etter etablering av teltplass nede ved elva, skjer all telting her.

Grunneigarane nyttar sela som hytte og i samband med tilsyn av beitedyra. Det har vore eit poeng å skilje grunneigarane sin bruk av setra frå teltturistane og breturistane (utanom dei som overnattar på DNT-hytta) sin bruk.

Det er ein intakt og nyrestaurert fjøs, og dessutan nokre "halve" uthus i fjøsrekkja.

DNT-hytte

DNT- hytta på Bødalsetra har omlag 300 overnattingar i året. Bødalsetra har vore svært populært for brekurs og fjellsportsamlingar, som varer opp til ei veke. Før teltplassen vart bygd, skjedde all overnatting - også i telt - i og ved DNT-hytta på setra. No vert hovudsakleg teltplassen, og ikkje hytta nytta til kurs og samlingar. Drifta av DNT-hytta er no overteken av grunneigarane, men er framleis låst med DNT-lås og dermed tilgjengeleg for ålmenta.

Teltplass og toalett

I 1995 starta bygginga av ein teltplass omlag 150 m sør for Bødalsetra nede ved elva. Teltplassen består av 2 bygningar (toalett og opphaldsrom) innafor eit inngjerda område. Teltplassen er mykje brukt til kurs og samlingar, både av organisasjonar og skular.

Toalettet på teltplassen vert også nytta av turistar som er på dagstur inn til Bødalsbreen.

Stiar og friluftsliv

Frå Bødalsetra går det merkt sti fram til Bødalsbreen på vestsida av elva og Sætrevatnet. Stien deler seg før Sætrevatnet med ein sti i retning Lodalskåpa. Stien mot Lodalskåpa er delvis merkt opp t.o.m. Brattbakken. Ei gjetning (utifrå tal bilar på bomvegen) er at mellom 5 og 10 tusen turistar vitjar Bødalsetra og Bødalsbreen kvart år. Sidan 1995 er det også teke i bruk ein sti inn mot breen på austsida av Sætrevatnet, ein sti som breførarane og turistane deira nyttar.

Det er stadvis stor slitasje på dei våte partia på stien frå Bødalsetra og fram til der stien delar seg med ei grein mot breen og opp mot Lodalskåpa.

Det er også noko slitasje pga trakk og "tilfeldige" stiar på moreneryggane framfor Sætrevatnet.

Breføring

Det har vore kommersiell breføring på Bødalsbreen sidan sist på 1980-talet i regi av Stryn Bre- og fjellførarlag. Dei hadde tidlegare utstyret i ein fjøs på Bødalsetra, dvs. fram til teltplassen vart

etablert. Ein av grunnane til at utgangspunktet for breføringa vart flytta til teltplassen, var av omsyn til ro på setra for grunneigarane om morgonen. Breutstyret vert no lagra i ein bygningane på teltplassen, og utdelt til deltakarane på breføring her.

Beiting

Det var stølsdrift med mjølking av kyr på Bødalsetra fram til kring 1936. I dag beitar det kring 400 sauer og 70 kyr på Bødalsetra i sommarmånadene. Berre ein grunneigar har beitedyr på setra, resten er bortleigd.

Beitinga er i følgje grunneigarane truleg på eit fornuftig dyretal utifrå tilgangen på beite.

Kulturlandskap

I rapporten Kulturlandskap i Stryn kommune er Bødalssetra med som tilleggsområde. Her står det m.a. at *"Bødalssetra ligg i Bødal i Loen og er kjend både for omgjevnadene og sjølve stølsstrukturen. Både dei naturvitskaplege verdiane i området (kvartærgeologi og flora) og dei teknologiske bygningsmiljø på stølen, og driftsformer knytt til stølsdrifta) er godt dokumenterteKarakteristisk for stølen er dei to husrekkjene, ei rekkje med sel og ei rekkje med fjøsar."*

4.2. Erdalen

Erdalen er ein sidedal til Strynedalføret og går 12-13 km innover mot Jostedalsbreen. Dalen er ein flat og brei U-dal der dalbotnen ligg lågt og stig i "trappetrinn", medan fjella på både sider går opp i 1600-1800 moh. Her ligg 2 setrar, Erdalsetra (Storesetra) og Vetledalsetra. Ein gamal ferdselsveg for folk og bufe over til Jostedalen i Sogn gjekk gjennom dalen i gamle dagar. Den siste fedrifta over til Jostedalen gjekk i 1925.

Grensa for nasjonalparken går ved Hesthammaren omlag 500 m innafor parkeringsplassen for den private bomvegen på Loppeset.

Tilkomst

Det går ein privat bomveg frå Greidung mest inn til nasjonalparkgrensa (til Loppeset). Turistar vert likevel oppmoda om å parkere ved den kommunalt opparbeidde parkeringsplassen like før Greidung, og av naturlege årsaker som grunder m.v. parkerer dei fleste her.

Frå der den private bomvegen sluttar, fører den gamle buføringsvegen fram til Erdalsetra og vidare til Vetledalsetra.

Informasjon

Det finst inga informasjonstavle om nasjonalparken i Erdalen. Den mest høvelege staden for ei informasjonstavle er truleg ved parkeringsplassen like før Greidung.

Setre, DNT-hytte og andre bygningar

Erdalsetra er ein stor seter med i alt 14 sel, men ingen fjøs/løer. Sela vert nytta til tilsyn av beitedyra og i fritida. Fleire av sela er gamle, 2 er i stein, mange er godt vedlikehalde og bygningsmiljøet har stor verdi. Sela på Erdalsetra står delvis i rekkje-form.

Sameiget har ein regel om at ingen grunneigar skal ha meir enn eitt sel på setra. I samband med fordelinga av gnr./bnr. 21/7 som tilleggsjord gjorde landbruksavdelinga hos fylkesmannen i 1997 vedtak om at selet på garden vart fordelt slik: *"- gnr/bnr 21/7 sitt sel på Erdalssetra vert tildelt sameige i fellesskap på vilkår av at dei nyttar det til felles toalett, søppelbod eller liknande."*

På Vetledalsetra er det i alt 4 sel som står spreidde i terrenget. Eitt av sela er i stein. For eit av sela (oppført av breførar Tor Greidung) er det inngått avtale med DNT om bruk som sjølvbetjent

turisthytte. DNT-hytta har kring 120 overnattingar i året, og er i bruk heile året. Det er ein trimpost på Vetledalsetra, der meir enn 1000 personar i året skriv seg inn.

Framfor Erdalsbreen har Indre Nordfjord Turlag ei trekantthytte som står open.

Beiting

Det var seterdrift med mjølking på Erdalsetra fram til slutten av 1950-åra. I dag beitar det kring 200 kyr m/ ungdyr på setra. Sau beitar berre på Vetledalsetra, pga dom, lovfesta ved utskifting. Sauene skal difor beite i Grasdalen (sidedal til Hjelledalen). Geit har det ikkje vore på Vetledalsetra, men dei har rett til å beite der. Geit går inn på Erdalsetra frå Greidung (1 bruk).

Det er i pr. dag ikkje nok beitedyr i området til å halde nede attgroinga, sjølv om dalen hadde meir beitedyr enn alle dei andre dalane i Strynedalen på slutten av 1990-talet.

Eit anna beitedyr - hjorten - har kome til dalen for fullt på 1990-talet. Erdalen har ein særstort hjortestamme, noko som kan påverke utvalet av spesielle beiteplanter.

Friluftsliv og stiar

Erdalen er eit populært friluftsområde både for korte og lange turar, både for lokalfolk og turistar. Det er populært å ta ein fottur i Erdalen som dagstur. Erdalen er også populær startstad for vårskiturar "breen på langs". Mange av dei som går breen på langs overnattar på den private DNT-hytta på Vetledalsetra. Friluftslivsesongen i dalføret er likevel noko avgrensa pga faren for snøskred. Turaktiviteten tek difor ikkje av før dei største fonnene har gått.

Stien er merkt fram til Vetledalsetra.

Jakt og fiske

I 1999 vart det felt 28 hjort i Erdalen. Med ein akseptabel stamme på lang sikt kan det truleg takast ut omlag 30 dyr kvart år.

Det foregår mest ikkje fritidsfiske i dalføret, mest pga den sterke slamføringa i elvane. I nedre del av Erdalselva (utanfor nasjonalparken) er det trass i dette både stor og fin fisk.

Kulturlandskap

I rapporten Kulturlandskap i Stryn kommune er Erdalsetra (kalt "Storesetra" i rapporten) med som eit prioritert område. Her står det m.a. at *"Stølen er ein av dei få store stølsgrendene i Stryn som enno ikkje har vegtilkomst, og den gamle stølstien er framleis intakt. Dalføret har mange kvartærgeologiske verdiar..... Dei tradisjonelle stølane i dalen (Store- og Vetlesetra) utgjer viktige kulturhistoriske kvalitetar"*.

Erdalssetra er eit av 50 prioriterte kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane (sjå rapporten "Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane").

4.3. Sunndalen

Sunndalen er ein 10-12 km lang og hengjande sidedal til Hjelledalen. Det er ein trong og vill dal med eit frodig og rikt planteliv, både varmekjære og brenære planter. Her er også eit variert og rikt fugleliv. I uminnelege tider har det vore drive slått, beiting og setring i dalen.

Grensa for nasjonalparken går eit stykke innafor Sunndalen gard. Gardshusa på Sunndalen låg opphavleg litt lenger heim i dalen, der dei vart tekne av skred både i 1718, 1868 og i 1902. Mange menneske omkom i desse skreda.

Tilkomst

Det går ein privat bomveg (ca. 5 km) inn Sunndalen og fram til Sunndalen gard. Det er skilt der bomvegen startar med opplysing om at det er ein privat bomveg, slik at relativt få tilreisande køyrer bil innover. Det er difor lite trafikk på vegen. Det er opparbeidd ein liten parkeringsplass omlag 1 km før Sunndalen gard. Grunneigarane ønskjer at turistar parkerer der den private bomvegen startar, dvs. omlag 5 km før Sunndalen gard.

Det går god sti frå Sunndalen gard til Sunndalsetra på nordaustsida av elva. Buføringsstien går på sørvestsida av elva.

Informasjon

Det er ikkje sett opp informasjonstavle om nasjonalparken ved den private bomvegen inn Sunndalen.

Sunndalsetra og andre bygningar

På Sunndalsetra er det i alt 10-12 sel og ein fjøs. Ein av bygningane (sel/hytte) skil seg ut ved å vere på 2 etasjar. Fleire av sela er gamle, bygningane er stort sett godt vedlikehalde, og bygningsmiljøet er særprega og verdfullt. 4-5 grunneigarar har 2 sel.

Ei utløa i Holene (mellom Sunndalen gard og Sunndalsetra, i nasjonalparken) er den einaste utløa som står att i dalen. Storleiken på utløa tilseier at det har vore hausta betydelege avlingar frå utmarka i dalføret.

Ved Sognskardsvatnet ligg ei privat hytte bygt på 1970-talet.

Beiting

Det var seterdrift med mjølking på Sunndalsetra fram til slutten av 1950-åra. I 1998 beita det 51 storfe i området frå kring 1. juli og fram til kalving, medan 93 vinterfora sau og 178 lam beita i området frå månadskiftet mai/juni og uti september same året. Omfanget av husdyrbeite i dalføret er langt mindre enn t.d. i Erdalen. Attgroinga er difor større her.

Friluftsliv og stiar/ferdsleveg

Det er monaleg mindre fotturistar i Sunndalen enn i Bødalen og Erdalen, truleg både pga lengre tilkomst og fordi Den Norske Turistforening (DNT) ikkje har turisthytte her i dag. Sunndalen er også svært rasfarleg, så dette avgrensar sesongen meir enn i Bødalen og Erdalen. DNT hadde avtale om bruk av hytta i 2 etasjar til omlag midt på 1970-talet.

Det går god sti på båe sider av Sunndalselva fram til Sunndalsetra. Stien på sørsida er buføringsveg for beitedyra på Sunndalsetra.

Frå Sunndalsetra går den gamle ferdseleveg mellom vest og aust over Kamperhamrane til Pollfoss i Skjåk. Den gamle ferdseleveg er fint oppmura mange stader, og det er bygt store steinvardar som skal vise veg over fjellet. På Skjåksida er stien i stor grad lagt om slik at den går nede i dalbotnen i staden for oppe i fjellsida slik det var frå gammalt av, og der ein enno kan finne den gamle stien.

Det går også ein umerkt sti frå Sunndalsetra til nedre Sognskardsvatn.

Jakt og fiske

All jakt vert driven av grunneigarane. Det er 6-8 hjorteløyve på setra, og ca. 20 hjorteløyve i dalføret. Det er 3-4 fellingsløyve for villrein på Kamperhamrane, og i tillegg er det litt jakt på rype og anna småvilt.

Bruk av båt

Ved nedre Sognskardsvatnet har hytteeigaren liggjande ein plastbåt. Båten blir m.a. brukt til å hente ved til hytta. På Stillevatnet var det tidlegare i bruk ein finerbåt som det er usikkert om enno er i god nok stand.

Opprydding

Det ligg restar etter ei kvilebrakke (tremateriale, isolasjon og takpapp) like nord for nedre Sognskardsvatnet. Dette er restar frå då Norges Vassdrags- og Energidirektorat - NVE hadde målingar ved Sognskardsvatnet i samband med planlegginga av utbygging av Strynevassdraga.

Kulturlandskap

I rapporten Kulturlandskap i Stryn kommune er Sunndalssetra med som tilleggsområde. Her heiter det m.a. at *"Sunndalssetra ligg 450 moh øvst i Sunndalen. Sunndalen er ein relativt urørt dal med nokre få nedlagde gardsbruk. Dei mange små stølshusa på Sunndalssetra er samla på ein voll mellom mindre bergknauser like ovanfor elvesletta. Alle stølshusa har tradisjonell byggestil. I tillegg er her oppført ei turisthytte. Sunndalssetra er eit godt eksempel på ein tradisjonell støl utan vegframføring, noko som etterkvart er heller sjeldan i Stryn"*.

5. MÅL MED SKJØTSELSPLANEN

Målet med skjøtseleksplanen er å

- utdjupe forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark i Bødalen, Erdalen og Sunndalen
- ta vare på verdiane kulturlandskapet og i den urørte naturen i området
- komme fram til gode ordningar for grunneigarar, kommunen og forvaltningsstyresmaktene for å ta vare på kulturlandskapet i dei 3 dalføra.
- finne fram til og leggje tilhøva til rette for tiltak som grunneigarar, kommune og forvaltningsstyresmaktene er samde om
- finne fram til - den grad dette finst - mogleg finansiering av aktuelle tiltak.
- leggje grunnlaget for dispensasjon frå vernereglane for tiltak som grunneigarar, kommune og forvaltningsstyresmaktene er samde om

Skjøtseleksplanen skal følgje opp og konkretisere kva som ligg i soneinndelinga i forvaltningsplanen (sjå s. 12 for omtale av soneinndelinga i Bødalen, Erdalen og Sunndalen og kart på baksida av denne rapporten).

Jostedalsbreen nasjonalpark har vern av den urørte naturen som hovudformål, medan friluftsliv, kulturlandskap og kulturminne utgjer delformål i verneformålet. I dei Bødalen, Erdalen og Sunndalen er kulturlandskapet særmerkt, og i desse områda må kulturlandskapet tilleggast svært stor vekt. Attgroing av kulturlandskapet vil vere ei av hovudutfordringane, og allsidig beiting av både sau, kyr og geit vil vere å føretrakkje. Men dersom føresetnaden for å klare å ta vare på kulturlandskapet krev inngrep som t.d. vegbygging, må hovudformålet med nasjonalparken, dvs. verdiane knytt til urørt natur kome framfor, slik at valet då må bli å la kulturlandskapet bli teke over av naturen sine egne prosessar. Ofte vil det vere mogleg å finne fram til alternative driftsformer i høve til moderne landbruksdrift, som kan få tilskot t.d. gjennom STILK (Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap), dersom det er interesse for det blant grunneigarane.

6. BRUKARINTERESSER:

6.1. Felles problemstillingar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen

Etter verneforskrifta er følgjande tiltak som er aktuelle i dei 3 dalane, tillate: etter verneforskrifta pkt. IV, 1,2

- vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i tråd med byggjeskikk på staden

- vedlikehald av eksisterande vegar, luftleidningar, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter m.m.
- vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område

etter verneforskrifta pkt. IV, 2.1.

- bruk av nedfalle virke og tørre kvistar til bål på staden
- plukking av bær og matsopp og plukking av vanlege blomar og friske kvistar til eige bruk
- uttak av trevirke (plukkhogst) til brensel for hytter i nasjonalparken

etter verneforskrifta pkt. IV, 3.

- Jakt er tillate etter viltlova sine reglar. Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeleva.

Av tiltak som er tillate etter verneforskrifta, må det framhevast at vanleg vedlikehald av bygningar og anlegg er tillate, inkludert stiar og merking av stiar medrekna skilt. Utgangspunktet er at det som vert gjort for hand på ein eksisterande sti, er å rekne som vedlikehald som ikkje treng særskilt løyve. Det er også lov å drive vedhogst som plukkhogst til bruk på setrene (og hytter i nasjonalparken) utan å søkje på førehand. Jakt og fiske er tillate i nasjonalparken etter dei same reglane som gjeld elles.

Ved tvil om eit tiltak er lovleg etter verneforskrifta, bør ein kontakte fylkesmannen.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ein del tiltak som er aktuelle i dei 3 dalane:

Etter verneforskrifta pkt. IV, 1.3

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området,
- oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn,
- bygging av bruer og klopper,
- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

Etter verneforskrifta pkt. IV, 2.3

- uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærare avgrensa område,
- rydding av beite i nærare avgrensa område,
- rydding av dyretrakk (beitesti).

Etter pkt. IV, 4.3

- motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst,
- motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,

I tillegg kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå vernereglane i særlege høve når dette ikkje strir mot føremålet med vernet (verneforskrifta pkt. VI).

Søknader om motorferdsel, byggjetiltak og anna i nasjonalparken må også godkjennast av Stryn kommune etter lovverk som dei forvaltar, som lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og plan- og bygningslova.

Merking av stiar skal følgje Direktoratet for naturforvaltning og Den Norske Turistforening sine retningslinjer, der vardane skal vise vegen, medan T-ane er signatur. Unntaket er i område med store kvartærgeologiske verneverdiar der merking bør skje utan å byggje steinvardar, men berre bruke T-merking, slik at ein unngår å flytte stein.

Grunneigarar som har rett til sel på stølane i dei 3 dalane (Bødalsetra, Erdalsetra, Vetledalsetra og Sunndalsetra), men ikkje har sel i dag, kan rekne med å få løyve til å byggje eitt sel i tradisjonell stil (byggjeskikk, storleik materialbruk m.m.) på desse stølane (jf. forvaltningsplanen s. 49). Ombygging av fjøs til sel vil i utgangspunktet ikkje få løyve. Fylkesmannen vil medverke økonomisk innafør budsjettmessige rammer med tilskot til restaurering av gamle sel og fjøs.

Til bygging og vedlikehald av bygningar, bruer osv. bør det nyttast materialar som harmonerer med naturen: Stein bør nyttast som murar, fundament, oppstøtting, og evt.veggar og tak. Treverk bør utgjere bygningsmaterialet til veggjar, rekkverk, bruer og skilt. Framande og kontrasterande element, material og fargar bør unngåast. Slike material kan likevel vere naudsynte til trygging- eller kanaliseringføremål, m.a. merkeband i plast, plastkjegler, vegbom o.l.

I alle dalane er det aktuelt å gje eit fleirårig løyve til å frakte ut sjuke dyr på beite med helikopter (Erdalen og Sunndalen) og med traktor (Bødalen) på vilkår av at det vert teke kontakt med fylkesmannen eller Statens Naturoppsyn på førehand, evt. sende rapport i etterkant. Grunnen er at områda er viktige beiteområde med mykje beitedyr, og det er viktig ikkje å tape unødig tid når redningsaksjon er naudsynt.

Kva for tiltak fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt ser det som aktuelt å gje løyve til, går fram av gjennomgangen for kvart av dei 3 dalføra i kap. 6.2, 6.3 og 6.4. Ved val av material bør det leggjast vekt på bruk av naturmaterialar som stein og tre. Trykkimpregnert trematerial bør unngåast.

Attgroing vil vere ei av hovudutfordringane i alle dei 3 dalføra. Beiting vil truleg vere den beste og viktigaste måten å hindre attgroing i framtida. I tillegg vil beiterydding vere aktuelt som tiltak. Grunneigarar i Erdalen har teke opp at det bør vere mogleg å få løyve til å sprøyte med glyfosat på oreskot og brennesle. Fylkesmannen er - i tråd med verneforskrift og nasjonale retningslinjer - skeptisk til dette inne i nasjonalparken. Vi ser likevel at det kan vere tilfelle der det kan vere aktuelt å gå inn på dette. Dersom det etter ein søknad vert gjeve løyve til bruk av kjemiske midlar som glyfosat, vil dette gjelde svært avgrensa område, og då til punktspøyting av t.d. oreskot etter hogst.

Fylkesmannen kan som forvaltningsstyresmakt setje i verk tiltak for å fremje føremålet med vernet (verneforskrifta pkt. V). Særleg aktuelt er omlegging av stiar nokre stader for å hindre slitasje på morenar og våte parti, saman med drenering, steinsetting og nokre stader utlegging av trematerial på våte stader. Ei problemstilling kan også vere å skjærme dyreliv for ferdsel ved å leggje om stiane.

Generelt bør informasjon om nasjonalparken setjast opp utanfor ved parkeringsplassar og stiar inn mot nasjonalparken (samarbeid mellom fylkesmannen og Statens naturoppsyn).


Jostedalsbreen Nasjonalparksenter sine naturstiar i dei 3 dalane gjev god informasjon om natur- og kulturhistoria i dalane. I ein nasjonalpark representerer etter vårt syn dei nummererte naturstiskilta langs dei merkte stiane ei brukbar balanse mellom informasjonsbehov og inngrep langs dei merkte stiane i området.

Tilrådde tilretteleggingstiltak bør i størst mogleg grad sameinast med den tradisjonelle bruken av området. Det må likevel akseptast visse former for inngrep som etablering av stiar, stengsel, bruer, skilt o.l. og vedlikehald av desse. Oppsetting av informasjonstavle om nasjonalparken må ha løyve frå grunneigarane i tillegg til forvaltningsstyresmakta.

I kap. 7 er det ein gjennomgang av økonomiske verkemiddel for å få til skjøtsel og forvaltning: Forvaltningsmidlar, STILK (spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap), spelemidlar og friluftslivmidlar. Vi understrekar at det ved kvar søknad om tilskot må gjerast ei konkret vurdering av om tiltaket har rett til og bør få tilskot, og at ei eventuell tildeling alltid vil vere avhengig av tilgjengelege budsjettmidlar.




Bødalssetra 1995. Foto: Geir Haugli



Kart over Bødalen: Tiltak




Erdalssetra 1993. Foto: Tom Dybwad



Kart over Erdalen: Tiltak



Sunndalssetra 2000. Foto: Tom Dybwad



Kart over Sunndalen: Tiltak



Stislitasje, treklopper og øydelagd vegetasjon i Bøddalen. Foto: Tom Dybwad



Ei av dei nye bruene på turen inn til Sunndalsetra. Foto: Liv Dervo



Den gamle ferdselsvegen over Kamperhamrane med steintreppene. Foto: Tom Dybwad

6.2. Bødalen

Teltplass

Teltplassen frå 1996 fungerer betre og betre i høve til Bødalsetra, dvs. som ei reell avlastning slik at grunneigarane har setra meir for seg sjølv. Også i høve til DNT-hytta fungerer teltplassen godt. Grunneigarane har teke opp om det kan vere aktuelt med badstu og dusj. Forvaltningsstyresmaktene er skeptiske til å gjere standarden for høg, og vi meiner bygging av badstu og dusj med varmt vatn ikkje vil vere rett.

Det er aktuelt å køyre fram stokkar som kan nyttast ved. Etter vårt syn er vedstokkar er å føretrekkje framfor oppkappa vedkubber, fordi det truleg gjev mindre forbruk.

For å leggje torv på bygningane på teltplassen må det takast torv i nærleiken. Tiltaket vil få løyve frå verneforskrifta. Torv kan takast frå der stien bør gå, og ein kan då leggje ned grus på plassen der torv vert teke. På den måten vert også stien meir markert for kanalisering av turistane.

Eit solcellepanel på teltplassen vert vurdert som aktuelt av grunneigarane. Vi er usikre på om dette bør prioriterast ut frå at slikt lys vil vere eit framandelement. Ein søknad om dette vil bli vurdert m.a. ut frå formålet. Det vil i tilfelle berre bli gjeve løyve til solcellepanel for å gje lys.

Grunneigarane meiner breturismen er viktig og kunne godt ha vore større. Då vil det kunne vere rom for å ha ein person fast stasjonert på setra. Fylkesmannen er positiv til dette. Kursverksemda på Bødalsbreen bør først og fremst leggast til teltplassen.

Det kan vere aktuelt å utvide teltområdet. Fylkesmannen vil i utgangspunktet sjå positivt på dette og på tiltak på teltplassen som gjeld friluftsliv. Felles funksjonar bør prioriterast, som kjøken, tørke, grill m.m.. Det kan vere aktuelt å gje tilskot av forvaltningsmidlane til tiltak på teltplassen.

Toalett

Tilkomst til toalettet på teltplassen bør skiltast (vegvisarpil ved stien) godt slik at toalettet også vert brukt av turistar som skal fram til Bødalsbreen. Oppsetting av ein vegvisarpil til toalettet vil få løyve.

Beiterydding

Beiterydding kan vere aktuelt i området, først og fremst i nærleiken av setra. Beiterydding krev løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 2.3. Attgroing er eit problem, og det vil difor vere aktuelt å gje løyve til rydding av beite og beitestiar i nærleiken av setra.

Det vil kunne vere aktuelt at landbruksavdelinga - etter søknad - bidreg med økonomisk støtte til beiteryddingstiltak gjennom STILK-midlar.

Bygningar på Bødalsetra

Fellesfjøs på setra er ikkje aktuelt no, men kan bli teke opp av grunneigarane ved eit seinare høve

Nye fjøsar i fjøsrekkja på Bødalsetra vil vere positivt. Fjøsar bør ikkje bli nye sel, men ha funksjonar som knyter dei til den gamle funksjonen, t.d. lager og toalett. Etter vårt syn vil det vere ei god løysing om 2 og 2 grunneigarar går saman om å byggje fjøs, med t.d. inngang frå kvar sin ende av bygget. Fylkesmannen (forvaltningsmidlar og STILK-midlar) vil om mogleg kunne støtte dette økonomisk.

Ein grunneigar har fått løyve til å byggje eit sel i selrekkja på Bødalsetra. Grunneigaren er den einaste som har rett til sel og som ikkje har sel i dag. Bygging starta sommaren 2000.

Stiar

Nokre av bruene på stien mellom P-plassen og Bødalsetra/teltplassen bør skiftast ut fordi dei er nokså dårlege. For bruer som får endra utsjånad og konstruksjon, må det søkjast om løyve før

bygging startar. Nye bruer vil kunne få økonomisk støtte så langt fylkesmannen har forvaltningsmidlar.

Stien forbi teltplassen mellom stølsvollen og brua over hovudelva (ved teltplassen) er aktuell å gruse i samband med at det vert teke torv i stien til taket på bygningane på teltplassen. Dette vil gjere at stien kanaliserer turistane på rett veg og hindre slitasje på fuktig mark. Torva bør takast ut i trasèen for stien. Tiltaka vart delvis gjennomførte i 2000.

Stien er våt og dårleg særleg dei første omlag 150 metrane etter brua over hovudelva på sørsida av elva. Reparasjon av stien bør gjerast, helst i samarbeid mellom SNO, Indre Nordfjord Turlag og grunneigarane. Fylkesmannen vil støtte tiltaket økonomisk så langt vi har midlar til dette. Arbeidet bør gjerast ved hjelp av stein, grøfting og handmakt. Det kan likevel vere aktuelt å gå inn med minigravar på dei første 75 metrane etter brua, der problema med våte parti er størst.

For å hindre slitasje på moreneryggane, bør ingen stiar følgje moreneryggane, men gå ved sida av. Like etter der turiststien delar seg mot Bødalsbreen og Lodalskåpa, er det nokre umerkte stiar som går på moreneryggane. Den T-merkte stien bør merkast tydeleg for å unngå at folk tek opp på morenene.

Den nye stien på austsida av vatnet som breførarane brukar, skal etter fylkesmannen sitt syn vere godt merkt (med trepinningar) for å hindre unødig trakk i terrenget. Stien bør ikkje vere skilta med vegvisarpil der stien tek av, fordi det ikkje er ønskjeleg å leie andre enn dei som skal på breen, inn til breen her.

Stien mot Skålbreen (tek av like etter parkeringsplassen) bør ikkje merkast fordi den er utsett for isras frå breen. Eit beitegjerde (ca 3 m langt) ved stien vil få løyve til å bli sett opp. Dette vil hindre sau i å stå skorfaste.

Sikring

I samband med framlegget til skjøtselsplan har det vore vurdert om det bør byggjast eit enkelt gjerde ved Huldrefossen av omsyn til tryggleiken. Konklusjonen er at det ikkje er aktuelt å setje opp tryggingsgjerde ved Huldrefossen, då dette er ein type tiltak ein bør unngå i nasjonalparken og i utmark. Tilsynsutvalet for nasjonalparken var på synfaring på staden i 2000 og kom også til denne konklusjonen.

Åtvaringsskilt om fare ved å gå inn til breen og steinsprang ved turistruta til Bødalsebreen vert kvart år sett opp og teke ned av Stryn Bre- og fjellførarlag. Det ligg ein motsetnad mellom å setje opp eit tydeleg åtvaringsskilt, og å setje opp eit skilt som ikkje uroar naturopplevinga. SNO vil følgje opp dette.

Beitebruer

Eventuelle nye beitebruer må vurderast etterkvart.

Motorferdsel

Grunneigarane har behov for ei viss motorferdsel inn til Bødalsetra for transport av proviant, materialar, beitedyr ved sjukdom, vedlikehald av bygningar og anna. Det same gjeld for drift av teltplassen og DNT-hytta. Fylkesmannen meiner det vil vere rett å gje løyve til bruk av traktor/firehjulstrekkar 1 gong i veka til Bødalsetra og det same til drift av teltplassen (i snitt, må truleg vere meir fleksibelt). Løyvet vil gjelde naudsynt transport (må utdjupast nærare), og bør gjevast som fleirårig løyve. Løyvet bør gjevast til Bødal Sameige, og vil kunne tene alle grunneigarane, fleirårige leigetakarar og til drift av teltplassen. Kvar og ein vil vere ansvarleg for sitt transportoppdrag, og at det vert loggført. Ved køyring må det skriftlege løyvet vere med. Eit løyve vil bli gjeve på vilkår om at ei årleg oversikt over samla transport vert sendt fylkesmannen. Det vil truleg vere fornuftig med informasjon ved P-plassen om kva som er lovleg køyring til Bødalsetra.

Ved enden av parkeringsplassen bør det vere eit stengsel (kjetting) for å hindre uvedkomande å køyre inn til Bødalsetra. Fylkesmannen vil om naudsynt bidra økonomisk til tiltaket.

Tiltak (sjå kart s. 19)

Tiltak som vil vere aktuelle for fylkesmannen og SNO å setje i verk/ønskjer vert sett i verk:

- merking og omlegging av stiar utanom morener for å hindre slitasje
- kjetting ved P-plass (v/ grunneigarane, evt. tilskot frå forvaltningsmidlar)
- oppsetjing og nedtaking av brefareskilt ved turiststien framfor Bødalbreen

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve

- uttak av torv til å leggje på bygningar på teltplass
- utviding av teltområde
- nye fjøs (i fjøsrekkja)
- motortransport (traktor) til setra og teltplassen
- motortransport i samband med sjuke beitedyr (melding i forkant eller etterkant som vilkår)

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve og økonomisk tilskot

- opparbeiding (grusing der torv er teke ut) av sti mellom setra og brua over Bødalselva, delvis gjort i 2000 (STILK og forvaltningsmidlar)
- beiterydding (STILK)
- gangbruer (forvaltningsmidlar og friluftslivmidlar)
- vegvisarpil til toalett på teltplassen
- stireparasjon (dreneringstiltak: stikkrenner, steinlegging, grusing) (forvaltningsmidlar og friluftslivmidlar)
- beitegjerde (ca. 3m) ved stien mot Skålbreen (STILK)
- restaurering av gamle sel (STILK og forvaltningsmidlar)
- tiltak på teltplassen (forvaltningsmidlar og friluftslivmidlar)

6.3. Erdalen

Parkeringsplass, informasjon og toalett

Om sommaren står det 10-12 bilar på parkeringsplassen ved Greidung på vanlege sommardagar, av desse mange utlendingar. Det bør kome ei informasjonstavle om nasjonalparken ved P-plassen ved Greidung. Utgiftene til tavla vil bli dekt over forvaltningsbudsjettet. Det bør også kome toalett her. Toalettet vil få vere prioritert til tilskot over forvaltningsbudsjettet, og vil også vere høgt prioritert til friluftslivmidlar. Vi oppmodar Stryn kommune og grunneigarane om å følgje opp dette.

Forlenging av den private bomvegen frå Greidung

Grunneigarane har planar om å forlengje den private bomvegen som går frå Greidung, vidare frå parkeringsplassen på Loppeset og opp mot Hesthammaren, utanfor nasjonalparken. I tilfelle dette vert aktuelt, bør arbeidet gjerast fint i etterkant med tildekking av eit jordlag på vegskjeringar m.v. Vegen vart bomveg frå sommaren 99, med høve til å køyre fram til dagens P-plass ved Loppeset. Grunneigarane ønskjer å halde parkeringa her og ikkje ved Hesthammaren, dersom vegen vert forlenga.

Dersom vegen vert forlenga, må det etter vårt syn setjast eit fysisk stengsel (kjetting o.l.) på vegen ved P-plassen på Loppeset for å hindre at andre enn grunneigarane - som har naudsynt ærend - køyrer lengre enn til Loppeset. Fylkesmannen vil kunne gje økonomisk tilskot til dette.

Buføringsstien til Erdalsetra

Stien er noko slitt, særleg første delen rundt Hesthammaren. Svaa kan vere vanskelege/glatte å gå for kyr. Det kan vere aktuelt å gruse noko av dyretrakk forbi Hesthammaren for å gjere den meir brukarvenleg og betre for fedrifta, særleg storfe. Dessutan bør steintrapper leggjast betre på plass som ein del av vedlikehaldet. Den gamle stølsstien og kløvvegen representerer eit verdfullt kulturminne, og vedlikehald vil kunne få støtte frå forvaltningsmidlar og STILK-midlar. Særleg viktig er det å gjere noko med steinmurane kring Sleipesvådet.

Det er å rekne som vedlikehald som ikkje treng særskilt løyve, når ting vert gjort med handmakt der det er gjort tiltak tidlegare, som t.d. utrasa stein på stølsstien ved Sleipesvaet. Bruk av stein og boltar bør vere prioritert som tiltak. Det kan også vere aktuelt å gje løyve til sprenging enkelte stader dersom et er naudsynt i for å få til ein god fedrift både ved Sleipesvaet og der svaa er både bratte og glatte for storfe (ei kyr måtte avlivast våren 2000 etter å ha sklidd på sva), dersom andre tiltak som steinmuring ikkje viser seg å vere gode nok.

Myrholet ved Langesvodene er eit problem for storfe, fordi dei trakkar nedi til oppunder buken. Eit alternativ er å fylle opp med bjørkekubbar, eit anna alternativ å sprengje ut ei sprekk for få til avsig frå myra.

Grunneigarane meiner at eit anna aktuelt tiltak er å setje opp eit ledegjerde for storfeet ved Sleipesvaet og ved Grytepål, noko som vil kunne få løyve. Dei aktuelle tiltaka (ledegjerde, sprenging o.a.) må sjåast i samanheng med kvarandre. Dersom fylkesmannen skal tillate sprenging, må ein vere sikker på at resultatet vert godt, då dette er det mest omfattande og varige inngrepet.

Beiterydding

Sjølv ved relativt mykje beiting, særleg med kyr, er attgroing eit problem, særleg i områda Hesthamaren/Alkråna og over stien til Erdalsetra. Grandane ved Erdalsetra og rasmarkene ved setrene har også attgroing. Dersom ein hogg oreskog, meiner grunneigarane at det bør punktsprøytast for å hindre nye skot (glyfosat). Vedhogst til setra vert gjort nær setra. Det er ikkje ønskjeleg med snauhogst, men open skog, dvs. at større enkelttre står att. Beitestiar må kunne ryddast, no gror dei att. Grunneigarane ønskjer løyve til å sprøyte mot brennesle i dei viktigaste beiteområda rundt stølane.

Fylkesmannen er positiv til å gje eit fleirårig løyve til beiterydding i form av nedhogging av oreskog på flata innafor Erdalsetra for å halde beita vedlike, dersom husdyrbeitinga ikkje er tilstrekkeleg. For å halde oreskogen (nye skot) nede, vil det kunne gjevast løyve til naudsynt punktsprøyting etterpå med glyfosat. Fylkesmannen vil kunne gje løyve til ei avgrensa sprøyting mot brennesle i nærområdet til stølane.

Beiting og tilsyn

Ved Fremste Bjørkhaugen (omlag like langt inni Erdalen som Vetledalsetra) har grunneigarane behov for å kunne kome seg over elva i samband med tilsyn av beitedyr. Det er ikkje ønskjeleg med ei bru, men det bør vere streng, pålar osv. for å lage til noko slik at ein kan kome seg over elva her. Tiltaket vil få løyve.

Det gamle risgjerdet på Reset mellom Vetledalsetra og Erdalsetra må forsterkast. Nettinggjerde er mest aktuelt. Oppsetjing av nettinggjerde er å rekne som eit nytt inngrep (vesentleg endring av gamalt gjerde) og må difor ha løyve. Fylkesmannen kan ikkje krevje at dette blir gjort på gamlemåten, men ser det som ein føremon om det gamle risgjerdet vert vedlikehalde i staden for at det vert sett opp ei nettinggjerde. Dersom det er aktuelt å vedlikehalde det gamle risgjerdet, vil det vere aktuelt å gje tilskot (STILK-midlar og midlar over nasjonalparkbudsjettet).

Toalett på Erdalssetra

Det er trong for felles gamaldass på/ved Erdalsetra då det i dag ikkje er noka ordning her. Oppføring av ein felles gammaldass vil få løyve og også vere prioritert for tilskot frå forvaltningsbudsjettet for nasjonalparken.

Det er 3 sel som kan vere aktuelle å nytte til eit felles toalett, evt. også lagerplass:

- selet etter Olaug Erdal (tilhøyrer no sameiget) som er så dårleg at det står til nedfalls
- selet som gnr./bnr. 21/1 John Magne Erdal har og som skal rivast
- selet frå gnr./bnr. 21/7 som vart tildelt sameiget i fellesskap

Konklusjonen under synfaringa juli 1999 var likevel at toalett truleg bør plasserast litt utafor seterbøen, truleg helst i søraust av omsyn til miljøet på setra. Dette er viktig for å unngå avsig i vatnet/elva.

Selet frå gnr./bnr. 21/7 som vart tildelt sameiget i fellesskap kan då eventuelt nyttast til felles bod eller liknande dersom det ikkje vert nytta til toalett.

Gjenoppføring av gamle fjøs

Det vil kunne gjevast løyve til å føre opp nye fjøs der det har vore fjøs tidlegare.

Bygningar - oppføring av sel på setrene

4 eller 5 bruk manglar sel på Erdalsetra. 1 eller 2 bruk manglar sel på Vetledalsetra. Fylkesmannen er innstilt på å gje alle grunneigarar som har rett på eit sel, men som ikkje har sel i dag, løyve til å føre opp eitt sel i tradisjonell byggjestil.

Restaurering av sel

Fleire sel og fjøs på både Erdalsetra og Vetledalsetra treng omfattande vedlikehald og nokre også restaurering. Dette gjeld gamle sel både i tømmer og i stein. Forvaltninga vil kunne bidra med økonomisk tilskot til restaurering av gamle sel frå forvaltningsbudsjettet i den grad det er mogleg, og samarbeide med landbruksavdelinga om økonomisk tilskot også av STILK-midlar, til dei grunneigarane som er interesserte.

Tiltak (sjå kart s. 20)

Tiltak som vil fylkesmannen og SNO ønskjer vert sett i verk:

- stengsel/kjetting ved P-plass (Loppeset) (evt. økonomisk tilskot)
- toalett ved P-plass ved Greidung (tilskot forvaltningsmidlar og friluftslivmidlar)
- infotavle ved P-plass ved Greidung (tilskot forvaltningsmidlar)

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve

- dreneringstiltak ved Langesvodene (sprenging eller attfylling)
- sprenging på nokre stader der det er glatte sva på (buførings-)stien til Erdalsetra
- motortransport i samband med sjuke beitedyr (melding i forkant eller etterkant som vilkår)
- sel på setervoll til grunneigarar som ikkje har dette frå før
- erstatte risgjerde ved Reset med nettinggjerde
- oppføring av fjøs der det har vore fjøs tidlegare

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve og økonomisk tilskot

- infotavle ved P-plass ved Greidung (forvaltningsmidlar)
- beiterydding (STILK) (og evt. løyve til punktspøyting med glyfosat etterpå)
- gangbruer (forvaltningsmidlar)
- reparasjon på kløvstien til Erdalsetra (tørrsteinsmurar, stikkrenner, steinlegging (forvaltningsmidlar og STILK))

- ledegjerde (ca. 3m) ved Hesthammaren, Sleipesvaet og Grytepål (STILK)
- enkel bru for folk (formål i samband med beiting) ved Fremste Bjørkhaugen (STILK og forvaltningsmidlar)
- restaurering av risgjerde ved Reset (i staden for å erstatte med nettinggjerde) (STILK og forvaltningsmidlar)
- toalett ved Erdalsetra (forvaltningsmidlar og STILK)
- restaurering av gamle sel (STILK og forvaltningsmidlar)

6.4. Sunndalen

Parkering og informasjon

Så lenge grunneigarane ikkje ønskjer å tilretteleggje for auka ferdsel i Sunndalen gjennom t.d. å leggje til rette med parkering og informasjon, vil ikkje fylkesmannen ta initiativ til det. Dersom grunneigarane endrar standpunkt og - eventuelt i samarbeid med Stryn kommune - finn fram til gode løysingar, er vi positive til å bidra med informasjon om nasjonalparken og tilskot til opparbeiding av parkeringsplass.

Friluftsliv

Det er noko konflikt mellom turgåing og villrein i området. Frå grunneigarane si side er det ikkje ønskjeleg at stien/den gamle ferdselsvegen over Kamperhamrane til Skridulauphytta (DNT) vert T-merkt. Då stien er eit kulturminne, er truleg den mest aktuelle "merkinga" steinvaradar/oppreiste steinar, slik det er frå gamalt av.

DNT har vist interesse for å overta eit sel for å gjere det om til ubetjent DNT-hytte. Grunneigarane har så langt vore negative til dette m.a. fordi auka ferdsel kan vere negativt for villreinen.

Bygningar - oppføring av sel på Sunndalsetra

Ikkje alle som har seterrett har sel på Sunndalsetra. Fylkesmannen er innstilt på å gje alle grunneigarar som har rett på eit sel, men som ikkje har sel i dag, løyve til å føre opp eitt sel i tradisjonell byggjestil. Også seterfjøs i tradisjonell byggjestil vil kunne få løyve.

På Sunndalsetra var tømmersele og grindssystem opphavleg vanleg. Det vanlege er sel og fjøs kvar for seg. Ombygging frå fjøs til sel/hytte vil i utgangspunktet ikkje få løyve. Det er eitt fjøs som tidlegare er ombygd til sel/hytte.

Beiting og beiterydding

For å oppretthalde beitinga i området er det viktig at det er lagt godt til rette for dette med bruer, stiar og sankekve. Dette er tiltak som vil få løyve, og som det vil vere aktuelt å støtte økonomisk. Fleire av tiltaka vart gjennomførte i 2000.

Attgroing er eit problem i området. Særleg gjeld dette slåttenger med rik engflora ved Sunndalen gard, slåtteenger ved Sunndalssetra som har attgroing frå sidene (bjørk og vier) og flommarkskogar nedafor Sunndalen gard (utafor nasjonalparken). Det kan vere aktuelt å setje inn særleg skjøtsel med tilskot av STILK-midlar på desse stadene dersom det er interesse frå grunneigarane.

Buføringsveg Sunndalen gard-Sunndalsetra

Kyr har hatt vanskeleg å kome seg fram (utan å skade seg) nokre stader på denne ruta. Grunneigarane tok difor under høyringa av utvidingsframlegget for nasjonalparken (i 1996) opp at det ville vere naudsynt å betre buføringsvegen på 5 stader, noko som måtte gjerast ved å sprengje i fjellet; dessutan måtte det setjast opp sikringsgjerde ein stad. Tiltaket fekk løyve hausten 1999 etter at det var drøfta under lokal høyring av utviding av nasjonalparken i 1996, og vart i hovudsak ferdiggjort sommaren 2000. Noko opprydding står likevel enno att.

Ferdselsveg over Kamperhamrane

Kamperhamrane er ein gamal ferdselsveg mellom vest og aust. Slik den er fint mura av stein, er den eit gammalt kulturminne. Dei øvste delane har fine, meterhøge steinvaradar som viser veg. Det har vore nokre utgliding av steinmurar, og dessutan har stein rasa ned på ruta nokre stader. Også dei store vardane langs ferdselsvegen er av kulturhistorisk verdi og bør setjast i stand. Restaurering av ferdselsvegen og steinardane er såleis naudsynt, noko som må gjerast med handmakt. Arbeidet er såpass omfattande at ein ikkje kan vente at det vert gjort på dugnad. Arbeidet bør prioriterast m.o.t. tilskot, både frå nasjonalparkbudsjettet, friluftsmidlar og STILK-midlar, slik at arbeidet i størst mogleg grad kan lønast.

Den Norske Turistforening har sagt seg villig til å mobilisere ein dugnadsgjeng frå Den Norske Turistforening til å restaurere stien. Fylkesmannen er glad for tilbodet.

Stryn kommune har restaurering av dei gamle ferdselsvegane i kommunen som eit prioritert tiltak for spelemidlar.

Toalett

Ingen av sela på Sunndalsetra har toalett. Felles gamaldass vil vere eit stort framskritt. På ei synfaring i 1999 med grunneigarane var det semje om at fellesdo (gamaldass) bør setjast opp bakom murane etter ostehuset, inn mot fjellet, dvs. nedafor Sunndalsetra. Her er det ikkje vassig. Tiltaket fekk løyve og tilskot hausten 1999. Bygging av fellestoalett starta opp sommaren 2000 og vil bli fullført i 2001.

Farleg fjellsprekk

Ved Pineguristeinen (på nedsida av stien) har fjellet sprekt opp, slik at sau (og folk) kan falle nedi og gå seg fast. Restar etter fleire sauer låg der. Tiltak for å betre tryggleiken fekk løyve og tilskot hausten 1999, og vart gjennomført sommaren 2000 ved at det vart lagt steinheller over sprekkane.

Bruer

Bruene mellom Sunndalen gard og Sunndalsetra vart skifta ut sommaren 1999 og sommaren 2000 etter løyve frå fylkesmannen. Tiltaka fekk også tilskot (forvaltningsmidlar) frå fylkesmannen.

Grunneigarane ønskjer også ei gangbru over elva like nedafor Sognskardsvatnet, omlag der NVE tidlegare hadde ei hengjebu for å lette tilsynet med beitedyr. Tiltaket vil kunne få løyve.

Felles vassleidning

Felles vassleidning til ei vasskran midt på setervollen er lagt ut frå over fossen (frå Sognskardsvatnet), noko som vart gjennomført sommaren 2000 etter løyve frå fylkesmannen. Vatnet blir teke inn på ein stabil stad. Vassleidninga ligg utanfor stien frå Sognskardsvatnet.

Jernstenger frå gjerde som er på setervollen, bør anten takast ned eller setjast opp som gjerde att. Dette er eit tiltak som vil kunne få løyve og tilskot.

Bruk av båt

Båt utan motor kan nyttast på nedre Sognskardsvatnet og Stillevatnet. Det vil vere ein føremon om båt i plast og i godt synlege fargar vert lagt slik i terrenget at den ikkje syner på lang avstand. Det er ein båt ved nedre Sognskardsvatn.

Opprydding

Opprydding av restar (på kartet under kalla "skrot") etter ei kvilebrakke etter NVE sine målingar ved nedre Sognskardsvatnet vil bli prioritert av SNO i samarbeid med NVE.

Tiltak (sjå kart s. 21)

Tiltak som vil vere aktuelle for fylkesmannen og SNO å setje i verk:

- restaurering av sti/gamal ferdselsveg med steinvardar over Kamperhamrane (tilskot forvaltningsmidlar, friluftslivmidlar og evt. STILK)
- opprydding ved nedre Sognskardsvatnet (forvaltningsmidlar)
- hindre attgroing i spesielle område (avhengig av interesse frå grunneigarane og STILK-midlar)

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve

- tiltak på buføringsstien til setra (sprenging o.a., løyve 1999 og stort sett gjennomført 2000)
- motortransport i samband med sjuke beitedyr (melding i forkant eller etterkant som vilkår)
- sel på setervollen til grunneigarar som ikkje har dette frå før
- oppføring av fjøs der det har vore fjøs tidlegare
- felles vassleidning (løyve 1999, gjennomført 2000)

Tiltak som grunneigarane ønskjer og som vil kunne få løyve og økonomisk tilskot

- oppføring av sankekve (STILK)
- beiterydding (STILK) (og evt. løyve til ettersprøyting med glyfosat)
- gangbruer/beitebruer (forvaltningsmidlar og STILK. Løyve og tilskot 1999 og 2000, stort sett gjennomført 2000)
- stireparasjon (tørrsteinsmurar, stikkrenner, steinlegging (forvaltningsmidlar og STILK)
- felles toalett ved Sunndalsetra (forvaltningsmidlar og STILK)
- fjerning av jarnstenger på Sunndalsetra (forvaltningsmidlar)
- restaurering av gamle sel (STILK og forvaltningsmidlar)

7. ØKONOMISKE VERKEMIDDEL

Forvaltningsmidlar

Fylkesmannen og Statens Naturoppsyn hadde i 2000 totalt kr. 100 000,- til informasjon og til tiltak (eigne tiltak og støtte til andre sine tiltak) i nasjonalparken.

STILK-midlar (Spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap)

Dette er økonomiske midlar som vert forvalta av fylkesmannen, og i 2000 hadde fylket ei samla ramme på omlag 10 mill. kr. Beløpet vert forvalta av fylkesmannen, landbruksavdelinga.

Fellestiltak og tiltak som er i samsvar med overordna planar vert prioritert, og ein har også lagt vekt på om tiltaket er innan etablerte verneområde.

Spelemidlar

For at ein søknad om spelemidlar til anlegg for idretts- og friluftsliv skal kunne fremjast, er det eit vilkår at anlegget er prioritert i handlingsprogrammet i vedteken kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv.

Ordinære anlegg er ikkje prioriterte anleggstypar, og friluftslivanlegg og opprusting av historiske ferdselsvegar er i denne gruppa. Økonomisk ramme har vore omlag kr. 8 mill. på landsbasis til ei søknadsmasse på over kr. 20 mill. pr år.

Friluftslivmidlar

Fylkesmannen har dei siste åra disponert kr. 280 000 pr. år til friluftslivtiltak i fylket. Tiltak i verneområde og tilkomstområde til verneområde har vore prioriterte.

8. LITTERATUR:

Austad, Ingvild, Hauge, Leif og Helle, Turid: Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Prioriterte områder. Høgskulen i Sogn og Fjordane 1993

Bruaset, Oddgeir: Jostedalsbreen. Det Norske Samlaget 1996

Direktoratet for naturforvaltning: Forvaltning av nasjonalparkar. DN-rapport 1996-3

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. Rapport nr. 3 - 1994.

Helle, Turid og Clemetsen, Morten: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Stryn kommune. Høgskulen i Sogn og Fjordane Rapport nr. 24. 1993.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter: Elva som ressurs. Faghefte nr. 3: Vassdrag. 1997.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter: Geologi. Faghefte nr. 2. 1996.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter: Natur- og kultursti Bødalen

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter: Natur- og kultursti Erdalen

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter: Natur- og kultursti Sunndalen

Ole Jakob Tveit: Indre Nordfjord. Lunde 1994

9. VEDLEGG: Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark

FORSKRIFT OM VERN AV JOSTEDALSBREEN SOM NASJONALPARK I KOMMUNANE LUSTER, JØLSTER, BALESTRAND, FØRDE, GLOPPEN SOGNDAL OG STRYN I SOGN OG FJORDANE FYLKE

I

I medhald av lov om naturvern av 19 juni 1970 nr 63 § 3, jfr § 4 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kongeleg resolusjon av 25 oktober 1991, endra ved kgl res av 18 juni 1998, verna eit område i kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke som nasjonalpark under namnet "Jostedalsbreen nasjonalpark".

II

Nasjonalparken femner om størstedelen av Jostedalsbreen statsallmenning, heile Myklebustbreen statsallmenning, Svardals-/Steindalsbreen statsallmenning og Grovabreen statsallmenning.

Det samla arealet er ca 1310 km². Av dette ligg omlag 370 km² på privat grunn.

I tillegg til statsgrunn femner nasjonalparken om delar av følgjande gnr/bnr:

Luster kommune: 131/1, 132/2, 131/3, 131/4, 131/5, 131/6, 131/7, 131/8, 131/9, 131/11, 132/1, 132/2, 132/3, 132/4, 132/5, 132/6, 132/7, 132/8, 132/9, 132/10, 132/11, 132/12, 132/13, 132/14, 132/15, 132/16, 132/23, 132/24, 132/25, 132/26, 132/29, 132/30, 132/31, 132/32, 132/37, 132/43, 132/44, 132/45, 132/46, 132/47, 132/48, 132/49, 132/50, 132/51, 132/53, 132/54, 132/57, 132/58, 132/60, 132/61, 132/62, 132/63, 132/64, 132/65, 132/66, 133/1, 133/2, 133/4, 133/5, 133/6, 133/7, 133/8, 133/9, 133/10, 133/11, 133/12, 133/13, 133/14, 133/15, 133/16, 133/17, 133/18, 133/23, 133/24, 186/2, 186/7, 186/8, 186/10, 188/1, 188/2, 188/3, 188/4, 188/5, 188/6, 188/7, 188/8, 188/9, 188/10, 188/11, 188/12, 189/1, 189/2, 189/3, 189/4, 189/5, 191/1, 191/2, 193/1, 193/2, 193/4, 193/5, 194/1, 194/2, 194/3, 194/4, 194/5, 194/6, 194/10, 194/11, 201/1, 201/2, 202/1, 202/2, 202/3, 202/4, 202/5, 202/7, 202/8, 202/10, 202/12, 203/1, 203/2, 203/3, 203/4, 204/1, 204/2, 204/3, 204/4, 204/5, 204/6, 204/7, 204/8, 205/1, 205/2, 205/3, 205/4, 205/5, 208/1, 208/2, 208/3, 208/4, 208/5, 208/6, 209/1, 209/2, 209/3, 210/1, 210/2, 210/3, 210/4, 210/5, 211/1, 211/2, 211/3, 211/4, 211/5, 211/6.

Sogndal kommune: 48/1, 48/3, 48/7, 49/1, 49/2, 50/1, 51/1, 51/2, 51/12, 51/13.

Balestrand kommune: 53/1, 53/2, 53/5, 53/8, 53/10, 53/13, 53/14, 53/15, 53/16, 53/17, 53/18, 53/19, 53/20, 53/21, 53/23, 53/26, 53/28, 53/29, 53/33, 53/35, 54/1, 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 57/1, 57/2, 57/3, 58/1, 58/2, 60/1.

Førde kommune: 3/1, 3/2, 3/3, 3/4, 3/5.

Jølster kommune: 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/6, 16/8, 19/1, 19/2, 19/3, 19/4, 19/5, 19/6, 19/7, 19/8, 19/9, 19/10, 19/11, 19/12, 19/13, 19/15, 19/16, 20/1, 20/2, 20/4, 20/5, 20/6, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 21/11, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 23/5, 23/6, 23/7, 23/8, 23/9, 23/10, 23/11, 23/12, 23/13, 23/14, 23/15, 23/16, 24/1, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 27/5, 27/6, 32/1, 32/2, 32/3, 33/1, 33/2, 33/3, 36/1, 36/2, 36/3, 36/4, 36/5, 36/6, 36/7, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/13, 36/14, 36/15, 36/16, 36/17, 36/20, 36/22, 36/23, 36/24, 36/25, 36/26.

Gloppen kommune: 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 98/5, 98/6, 98/7, 98/8, 98/10.

Stryn kommune: 12/1, 13/1, 13/2, 13/3, 13/5, 13/6, 13/7, 13/8, 13/9, 13/12, 13/13, 13/19, 13/21, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/7, 17/8, 17/10, 17/11, 17/14, 17/15, 18/1, 18/2, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 18/7,

18/8, 18/9, 18/10, 18/11, 18/12, 18/13, 18/14, 18/15, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 20/5, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/10, 21/11, 21/12, 21/13, 21/14, 22/1, 22/2, 22/3, 22/4, 22/5, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 26/1, 26/2, 26/3, 26/4, 27/1, 27/2, 28/1, 28/2, 29/1, 29/2, 29/3, 29/4, 29/5, 29/7, 29/8, 29/10, 30/1, 30/2, 30/3, 30/4, 31/1, 31/2, 31/3, 31/4, 31/5, 31/7, 31/8, 71/1, 71/2, 72/1, 73/1, 73/3, 73/4, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 74/2, 75/1, 75/2, 76/1, 77/1, 77/2, 77/3, 77/4, 77/5, 77/6, 77/7, 77/8, 77/9, 78/1, 78/2, 78/3, 79/1, 79/2, 79/3, 80/1, 80/4, 80/5, 80/7, 80/8, 80/9, 97/1, 97/2, 97/3, 97/4, 97/5, 97/6, 97/7, 97/8, 97/9, 98/1, 98/2, 99/1, 99/3, 100/1, 101/1, 101/3, 102/2.

Grensene for nasjonalparken går fram av vedlagde kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet oktober 1991 og juni 1998.

Kartet og verneforskriftene finst i Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar, i Sogn og Fjordane fylkeskommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal om mogleg avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

III

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

IV

For nasjonalparken gjeld følgjande reglar:

1. Landskapet

1.1. Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast,
- vedlikehald av eksisterande vegar, luftleidningar, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter m.m.,
- vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område,

- regulering av Trollavatn (988 moh) som ligg delvis innafor vernegrensa i Jølster kommune, i samband med eventuelle utbyggingstiltak utanfor nasjonalparken dersom dette vassdragsprosjektet blir plassert i kategori I i Samla Plan for vassdrag.

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området,
- oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn,
- bygging av bruer og klopper,
- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

2. Plantelivet

2.1 Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.

Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagskifte og granplanting er ikkje tillate.

2.2 Reglane i pkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- bruk av nedfalle virke og tørre kvistar til bål på staden,
- plukking av bær og matsopp og plukking av vanlege blomar og friske kvistar til eige bruk,
- uttak av trevirke (plukkhogst) til brensel for hytter i nasjonalparken.

2.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje grunneigaren løyve til:

- uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærare avgrensa område,
- rydding av beite i nærare avgrensa område,
- rydding av dyretrakk (beitesti).

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 2.3.

3. Dyrelivet

Jakt er tillate etter viltlova sine reglar. Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskelova.

3.1

Nye dyreartar må ikkje innførast .

Nye fiskeartar eller næringsdyr for fisk må ikkje innførast utan løyve etter pkt 3.2.

3.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- ny innføring av artar som lokalt er utrydda,
- tiltak for fremjing av fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot føremålet med vernet.

4. Motorferdsle

4.1 Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta.

Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode.

4.2 Reglane i pkt 4.1 er ikkje til hinder for:

- motorferdsle i samband med politi-, ambulanse- og redningsteneste,
- motorferdsle i samband med forvaltning, tilsyn, skjøtsel og sikringsarbeid med heimel i lov,
- motorferdsle i samband med militær, operativ verksemd.
- lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vertilhøve krev det for å sikre tryggleiken.

Øvingskøyring for ovannemnde føremål er ikkje tillate.

Det skal gjevast skriftleg melding til forvaltningsstyresmakta etter at motorferdsle i samsvar med pkt 4.2 har funne stad.

4.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:

- motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst,
- motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,
- motorferdsle i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon,
- motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk.

Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 4.3.

5. Ureining

5.1 Ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området. Det må ikkje nyttast kjemiske midlar, medrekna kalking av vatn og bruk av kunstgjødsel som kan påverke naturmiljøet.

5.2 Unnateke frå reglane i pkt 5.1 er utslepp som det er gjeve løyve til etter ureiningslova.

5.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje løyve til brenning av avfall frå hytter.

6. Ferdsle og annan aktivitet

All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre.

Idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode. Turlagsverksemd, naturguiding, turguiding, breføring, kurs m.m. er tillate dersom det ikkje strir mot vernereglane.

Ferdsle i samband med militær, operativ verksemd er tillate.

V

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan sette i verk tiltak for fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

VI

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unntak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

VII


Forvaltninga av forskriftene er lagt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

VIII

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

AKTUELLE RAPPORTAR I DENNE SERIE:

Nr 1 - 1991	Forsuringsstatus og kalkingsplan for Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-01-0	50,-
Nr 2 - 1991	Verneplan for sjøfugl. Delplan 5: Sogn og Fjordane 1991. ISBN 82-91031-02-9	50,-
Nr 3 - 1991	Furunkuloseutbrot i Eidselva, Eid kommune i Sogn og Fjordane hausten 1990. ISBN 82-91031-03-7	30,-
Nr 4 - 1991	Verneverdiar i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden med særleg vekt på Styvi - Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-04-5	30,-
Nr 5 - 1991	Villaksseminaret, Lærdal 31. mai - 1. juni 1991. Kompendium. ISBN 82-91031-05-3	50,-
Nr 6 - 1991	Inventering av eikeskog i Oselvassdraget og Norddalsfjorden, Flora og Gloppen kommunar. ISBN 82-91031-06-1	30,-
Nr 1 - 1992	Elvefangst av laks i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-08-8	30,-
Nr 2 - 1992	Miljøstatus 1991 Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-09-6	50,-
Nr 3 - 1992	Årsmelding 1991. ISBN 82-91031-11-8	30,-
Nr 4 - 1992	Storevatnet på Steinsundøyna, Solund kommune. Fiskeribiologiske granskingar. ISBN 82-91031-12-6	30,-
Nr 5 - 1992	Vassdrag og naturvernområde i Sogn og Fjordane - kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-13-4	50,-
Nr 6 - 1992	Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (framlegg) ISBN 82-91031-14-2	50,-
Nr 1 - 1993	Villaksseminar i Lærdal 1993. ISBN 82-91031-16-9	50,-
Nr 2 - 1993	Resipientgransking i Sogndalselva, Sogndal kommune - 1988-89 ISBN 82-91031-17-7	30,-
Nr 3 - 1993	Framlegg til kultiveringsplan for anadrom laksefisk og innlandsfisk i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-18-5	50,-
Nr 1 - 1994	Miljøstatus for Sogn og Fjordane 1992-93 - med langtidsperspektiv. ISBN 82-91031-15-0	50,-
Nr 2 - 1994	Miljø-sysselettingsprosjekt i Sogn og Fjordane i 1993. ISBN 82-91031-19-3	30,-
Nr 3 - 1994	Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. ISBN 82-91031-20-7	50,-
Nr 4 - 1994	Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-21-5	30,-
Nr 5 - 1994	Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991-93. ISBN 82-91031-22-3	30,-
Nr 6 - 1994	Plan for minstekrav til reinsing - Sogn. og Fjordane. ISBN 82-91031-23-1	30,-
Nr 1 - 1995	Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000 ISBN 82-91031-25-8	50,-
Nr 2 - 1995	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. Fagrapport 1994 ISBN 82-91031-26-6	50,-
Nr 3 - 1995	Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i Sogn og Fjordane. i 1994. ISBN 82-91031-26-6	50,-
Nr 4 - 1995	Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-27-4	50,-
Nr 1 - 1996	Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gaular - dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2	50,-
Nr 2 - 1996	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-29-0	50,-
Nr 3 - 1996	Prøvefiske i 21 vatn i Ytre Sogn og Sunnfjord. ISBN 82-91031-30-4	20,-
Nr 1 - 1997	Europark 96 - Glenveigh National Park - Irland	50,-
Nr 2 - 1997	Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. ISBN 82-91031-32-0	50,-
Nr 3 - 1997	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-33-9	50,-
Nr 4 - 1997	Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-34-7	50,-
Nr 1 - 1998	Fiskeressursar i regulerte vassdrag, sluttrapport. ISBN 82-91031-35-5	50,-
Nr 2 - 1998	Forvaltning av nasjonalparker i USA. ISBN 82-91031-36-3	50,-
Nr 3 - 1998	Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-37-7	50,-
Nr 4 - 1998	Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsområde ISBN 82-91031-39-8	50,-
Nr 5 - 1998	Skjøtsel i heimre Utladalen – Samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen landskapsvernområde. ISBN 82-91031-40-1	50,-
Nr 6 - 1998	Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998. ISBN 82-91031-43-6	50,-
Nr 7 - 1998	Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998 Opplegg og idear i skulen. ISBN 82-91031-43-6	50,-
Nr 1 - 1999	Europeisk nasjonalparksamarbeid – Norges nasjonalparker i eit internasjonalt perspektiv. ISBN 82-91031-44-4	50,-
Nr 2 - 1999	Forvaltningsplan for Flostrand naturreservat. ISBN 82-91031-45-2	50,-
Nr 1 - 2000	Bygder i Sogn og Fjordane – ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-46-0	50,-
Nr 2 - 2000	Naturvernområde i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-47-9	50,-
Nr 3 - 2000	Hjorteforvaltning 2000 – Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-48-7	50,-
Nr 4 - 2000	Nasjonalparker og næring - hand i hand? ISBN 82-91031-49-5	50,-
Nr 5 - 2000	Naturbruksprosjektet - vern, bruk og næring ISBN 82-91031-50-9	50,-
Nr 6 - 2000	Landbruksbygder i Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-51-7	50,-
Nr 1 - 2001	Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark ISBN 82-91031-52-5	50,-
Nr 2 - 2001	Nasjonalparker og andre naturvernområde i Sogn og Fjordane ISBN 82-91031-82-7	



Frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) med forklaring av sonekategoriar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
mai 2001

Rapport nr. 1 - 2001

ISBN 82-91031-52-5
ISSN 0803-1886